

Vinterstemning og fint skiføre på Friheim og Fjellandsbø.

15.01.2017



Familiane i Friheim var ute på ski i dag i det vakre vinterveret.

Med 10 til 15 cm snø var det fint skiføre på Fjellandsbø og Friheim i dag. Mange hadde teke turen til endes i dalen for å koma i snøen og sola. Borna, foreldra og andre voksne koste seg når endeleg vinteren kom med temperaturar kring minus 5 grader.

I Friheim var det 10 cm snø, nok til å bruka bakkane til skigang og aking. Berre nokre hundre meter lenger inne i dalen langs Fjellandsbøvetnet auka snømengda, og meir vart det det når vi gjekk gjennom tunet på Fjellandsbø. Det er enno ingen som har laga skispor i Åsaredalen, men det vil koma om dette veret held fram. Med fullmåne og klart ver kan kveldane brukast i den vakre naturen i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Born frå familiane Koløy storkoste seg i snøen ved Fjellandsbøvatnet.